

INNSPEL TIL HANDLINGSPROGRAM FOR TRAFIKKTRYGGING I VESTLAND 2022 – 2025

I møte i fylkeseldrerådet 14.01.21 var «PS 1/21 Innspel til Handlingsprogram for trafikktrygging i Vestland 2022 – 2025» sak til behandling.

Fylkeseldrerådet vil spele inn følgjande til Handlingsprogrammet for trafikktrygging i Vestland 2022 – 2025:

Kollektivtransport:

Bussmateriell må tilpassast alle reisande og vere universelt utforma.

Det må vere god sikring av passasjerane, tydelege og gode signal på stoggestadar, lyd og lesbart både i bussen og på haldeplassane.

Haldeplassane må vere universelt utforma med enkel av og påstigning. God lyssetting.

Haldeplassane må plasserast slik at det ikkje oppstår trafikkale problem, vi tenkjer då på god sikt for andre køyrety og stogg utanfor køyrabana.

På store haldeplassar som t.d i Bergen og Førde m.v. bør det vere hjelp tilgjengeleg for å hjelpe passasjerar til rette, t.d. med bagasje handtering og informasjon.

Gåande og syklande:

For gåande og syklande er det viktig å intensivere utbygging av gang- og sykkelveggar. Det er eit stort etterslep for slike tiltak i fylkesvegane og kommunale vegar.

På det mest trafikkerte stadane bør sykkelveggar vere adskilt frå gangveggar. God merking med skilt m.v. er viktig. God lyssetting.

Rådet meiner at når det vert bygt nye veggar må det vere ein sjølvstekt ting at det vert lagt til rette også med gang- og sykkelveg. Dette vil også verte rimelegare enn å ta dette etter at vegane er ferdig.

Det er også viktig at gang- og sykkelveggar vert godt skilt frå køyrabana. Dette for å hindre påkøyringsulukker. Gang- og sykkelveggar som kryssar vegbana må leggest opp utan kantar o.l som vanskeleggjer kryssing.

Rådet meiner at slike tiltak er gode folkehelseiltak og bør få høgare prioritet. Høgare løyvingar for å få utbygt fleire gang og sykkelveggar er turvande.

Trygge skuleveggar:

Trygge skuleveggar må ha høg prioritet.

Det bør vere opplæring i trafikksikkerheit i dei vidaregåande skulane og god informasjon om trafikksikkerheit til alle grupper.

Billettering:

Systema for billettering må samordnast og leggest opp slik at det blir enklare og meir oversiktleg og bestille billetter til heile reise. Gjennomgåande billettering.

Kredittkort skal òg kunne brukast som betaling utan straffegebyr.

Møte- og utforkøyringsulukker:

For å minimere møte og utforkøyringsulukker må det på dei mest trafikkerte vegane monterast vegdelar og god sikring mot utforkøyring og mot gang – og sykkelveggar.

Rassikring, utbetring av flaskehalsar og nytt dekke der det er nedslitt er også viktige tiltak i trafikktryggleikssamanheng.

Høyring:

Rådet meiner at når det er utarbeid eit framlegg til plan må den sendast ut på ei brei høyring.

Med helsing

Harald Ekroll, leiar
fylkeseldrerådet i Vestland